

Fiskeridirektoratet  
postmottak@fiskeridir.no

**PELAGISK FORENING SITT HØYRINGSSVAR  
HAVDELING I FISKET ETTER TORSK, HYSE OG SEI NORD FOR 62°N**

Me viser til høyringsbrev av 21. april 2021.

Pelagisk Forening meiner det er viktig at regulerande myndigheter legg best mogeleg til rette for at alle fiskarar får høve til å fiska kvotane sine. Tilrettelegging må likevel ikkje gå utover andre fiskarar.

I høyringsbrevet står det m.a. at formålet er «*å redusere muligheten for havkonflikt*» Pelagisk Forening meiner at å jaga bort somme fiskarar, for at andre fiskarar skal få ein føremon, ikkje fører til færre konfliktar i næringa.

Grunngjevinga er òg opplyst å vera at «*Vinterens skreisesong med innsig lenger nord enn vanlig og mye dårlig vær har påvirket tilgjengeligheten for den minste flåten. Kombinert med koronapandemien og høye kvoter har dette skapt utfordringer for deler av fiskerinæringen.*» At fiskeri skiftar er ei kjent sak i fiskerinæringa, og bør ikkje vera ein grunn til å jaga visse grupper bort frå noko område. Det er òg ulogisk å bruka høge kvotar som grunngjeving for å jaga enkelte fiskarar bort frå visse område.

Avsetningsproblem er òg brukt som grunngjeving for forslaget. Pelagisk Forening legg til grunn at fiskemottaka sine organisasjonar svarar på kva konsekvensar dette vil ha, men stiller likevel spørsmål ved fornufta i å jaga bort båtar over 21 meter for at mindre fartøy kanskje skal få betre tilgang til levering ved mottak.

Dersom forslaget blir vedteke kan det kanskje føra til at båtane som blir jaga bort vel å fiska i område som gjer det hensiktsmessig å levera fangstane ved andre anlegg. Mottaksanlegga er avhengige av visse minimumskvanta for å driva. Det kan spørjast om endringa kan føra til at mottak må stenga pga. råstoffmangel. I så fall er det neppe til fordel for den minste flåten, som er mindre mobil.

Båtar over 21 meter er òg avhengige av tilfredsstillande vær for å fiska utanfor grunnlinjene. Dvs. på ope hav. Om endringsforsлага blir vedteke vil det føra til meir landligga for båtane som blir råka, meir leiting etter fisk, og dertil større dieselforbruk, og utslepp av co2.

Det kan òg ha vesentleg negativ verknad for fiskarane sin sikkerheit når dei blir nekta å fiska nær land, men blir tvinga til å fiska utanfor grunnlinjene.

Pelagisk Forening er imot å fjerna reglane som tillåt fartøy over 21 meter å fiska torsk innanfor grunnlinjene, og meiner at forslaga ikkje bør vedtakast. Dersom forslaga likevel blir vedtatt meiner Pelagisk Forening at endringane ikkje må vedtakast for lengre tid enn grunn-gjevingane tilseier. Dvs. maksimalt for inneverande år.

Bergen, 26.4.21.



Ask Økland  
Advokat



Mariann Frantsen  
Dagleg leiar